

Referat frå Regionstyremøte

Fredag 24. juni kl. 09.00 – kl. 15.00, Låven, Brennabu Panoramavegen
1019, 2960 Røn

Møtte: Linda Mæhlum Robøle, Vidar Eltun, Marit Hougsrud, Knut Arne Fjelltun, Odd Erik Holden, Haldor Ødegård, Erik Ringnes, Jostein Aanestad, Lene Hovi (adm. repr.) og Jørand Ødegård Lunde (adm. repr.) og Ina Syversen (adm. repr.)

Forfall: Stein Tronsmoen, Espen Køhn

Konstituering av møtet:

- Linda Mæhlum Robøle leia møtet
- Sakliste og innkalling samrøystes godkjent
 1. Valdres folkemuseum
 2. Møte med Hareide

Referat: Jørand Ødegård Lunde

Orienteringar:

- 1) Nytt frå rådmannsutvalet v /Jostein Aanestad
 - a) Rådmenne har drøfta utgiftene ved den oppretta smittevernavdelinga i Vang, dei finn ei løysing på dette.
 - b) 4. Runde breibandsutbygging, rådmennene koordinerer dette.
 - c) RU held fram med møter kvar 2. veke på Teams.
 - d) Ny leiar i RU: Erlend Haaverstad,
ny representant i Regionstyret: Kristian Damstuen
- 2) Nytt frå Innlandet fylkeskommune v/Erik Ringnes
Fylkestinget 17.-18. juni på Teams hadde 31 saker. Møtet vart innleia av fylkesordførarens tale, Ringnes framheva at det var ei god tale til tinget.
Saker dei handsama var m.a.:
 - Oppstart av nytt fylkesbudsjett,
 - Musikk i Innlandet, der han forstod at Valdres var skuffa. Møtet repliserte med at dei var mest skuffa over at dei vart invitert inn i eit arbeid som i realiteten var avgjort. Haldor Ødegård la her til at sakas vedtak gjev ei styrka dansesatsing til Valdres.
 - NTP, samla fylkesting om vedtaket, med unntak av MDG og Rødt.
 - Sjukehus Innlandet(SI). Refererte frå orienteringane Gjedrem og Lofthus hadde for fylkestinget. Han sa at vedtaket av 8. mars står. Oppstart 2024 – ferdigstilling 2028. Det vedtekne budsjettet på 8.2 mrd. er justert til 9 mrd., dette var opprinneleg til nybygget, no kan det synast som om dette òg skal dekke ombyggingar ved det elektive og det akuttsjukehuset som skal bestå. Dette bekymra regionstyret.
 - Det var spørsmål om handsaminga av Covid-19 - pengane til fylkeskommunen, etter møtet er fyljande informasjon komen frå fylkeskommunen: Innlandet sin andel er 65 mill., sakshandsaminga blir ferdig 26. juni og så politisk vedteke.
- 3) Nytt frå region Valdres v/Linda Mæhlum Robøle Ho fortalte litt frå møte i referansegruppa til SI og frå møta i drifts- og utviklingsstyret. Ringnes anbefalte å vera aktive no når SI utbygginga går over i konseptfasa. Elles så fortalte ho at leiar av samferdselsavdelinga i fylket, Aud Riseng, er på reiserunde i valdreskommunane i månadsskiftet juni/juli.

4) Nytt frå regionkontoret v/Jørand Ødegård Lunde

Karriere Oppland har fått forsterka ressursar til karriererettleing, meir info kjem.

5) Friluftsport v/Ina Syversen, Valdres friluftsråd

Friluftspor er tilrettelagte friluftsområder som også er en inngangsport for nærliggende natur- og friluftsområder. Dette er et nasjonal prosjekt mellom FL og Statskog. Prosjektet er basert på at vi vet at folk er for lite i aktivitet, barn som voksne. Vi vet også at mange ønsker å være mer aktive og at de ønsker å bruke naturen som arena. Dette prosjektet er spesielt aktuelt i disse tider både i forhold til målene og at FL har fått midler fra Sparebankstiftelsen DNB. Prosjektet kan gi 50% til planlegging og videre 25% av total kostnad på tiltakene.

I Valdres har vi to friluftspor; Vaset og Løkjisskogen. Vi er i gang med den tredje som er Leirasanden.

Presentasjon ligger som vedlegg.

Drøftingssaker:

1. Valdresrådet fastsetting blir 19. august, helst i Sør-Aurdalshallen, dersom den er ledig. Møtestart kl.10.00.
2. Undervegsevaluering, korleis handterte me Koronasituasjon i VNK og Regionstyret. Ordførarane var nøgde med den tette samhandlinga dei hadde. Jostein sa at rådmennene sine tette møte på Teams òg hadde vore viktig for dei. Informasjon mot hyttebefolkningen og forbodet som vart innført vart diskutert. Konklusjon her var at med den kunnskapen ein då hadde var det ikkje lett å reagere annleis enn det ein gjorde. T.d var det eit scenario på at Vestre Slidre åleine kunne få 855 smitta. Det var ei utfordring at alt skjedde så fort. Regionstyret var samstemte om at det var jamt over gode attendemeldingar frå hyttebebuarane på korleis situasjonen var takla. Jostein Aanestad sa at arbeidet med felles smittevernavdeling kunne ha vore handtert betre. Når det er krisestab er det rådmenn som er kriseleiar, ikkje andre nede i organisasjonen. Alle tilsette og organisasjonar viste stor fleksibilitet, Teams fungerte godt. Det var tøffast for dei med små ungar som var i heimen. Vedr. Teams var det einigheit om at det sparar mykje reisetid og er effektivt, men at det ikkje er eigna for politiske møter over lang tid. (Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalte organ i kommunar og fylkeskommunar for å avgrense spreiding av Covid-19 gjeld til 1. august 2020).
3. Ordførere for tre v/ Ole Jonny Kalstad og Arne Erik Fønhus orienterte om prosjektet «Ordførere for tre» og arbeidet Landsbyen næringshage gjer i samarbeid med Tretorget på Elverum. Marit Hougsrud understreka at det er kunnskap det handlar om.
3. Dagsturhytter i Innlandet v/ rådgjevar Tuva Eiklid, INFK. Ho fortalte om prosjektert der Sparbankstiftelsen Hedmark og DNB til saman har løyvd 14,3 mill. til 46 dagsturhytter, i tillegg søkast det spelemidlar. Desse hyttene skal vera lett tilgjengelege og vera nær der folk bur. Meir informasjon kjem etter kvart som prosjektet blir organisert.
4. Anleggsutvikling i Innlandet v/ Kari Nilssen, seksjonssjef idrett og kultur, ho hadde med seg Kjersti Rønning, Per Madsen og Ingeborg Lunde. Dei informerte om bruken av spelemidlar og at det er trendar som seier at dette er veksande: breidde aktivitet, nærfriluftsliv, eigenorganisert og 24/7. Tenk samordna, samlokalisert og at anlegga ikkje skal utkonkurrere kvarandre. La ikkje anleggspolitikken styrast av enkelteldsjeler, kva når dei forsvinn? Anleggsutvikliga bør og synleggjere demografien, kva nyttar dei eldre?

Saker handsama:

- RS 28-/-20 Protokoll
- RS 29-/-20 Referatsaker
- RS 30-/-20 Høyring innlandsstrategien
- RS 31-/-20 Kommunikasjonsgruppe for e 16, nytt mandat
- RS 32-/-20 Handlingsprogram 2021, framdriftsplan
- RS 33-/-20 Friluftslivets ferdselsårer
- RS 34-/-20 Eventuelt

RS 28-/-20 Protokoll**Forslag til vedtak:**

Regionstyret godkjenner referat frå møtet den 29.mai 2020

Vedtak:

Regionstyret godkjenner referat frå møtet den 29.mai 2020
-Samrøystes vedteke-

RS 29-/-20 Referatsaker**Forslag til vedtak:**

Regionstyret tek referatsakene til orientering

Vedtak:

Regionstyret tek referatsakene til orientering
-Samrøystes vedteke-

RS 30-/-20 Høyring innlandsstrategien**Forslag til vedtak:**

Regionstyret for Valdres støtter de foreslåtte utviklingsmålene i Innlandsstrategien. Regionstyret ber om at omfanget av regionale planer reduseres og at arbeidet med samfunnsikkerhet og beredskap prioriteres først. Det er også avgjørende at samhandlingen med kommunene utvikles for å gjøre det mulig å iverksette ønskede tiltak og nå målene.

Det vises for øvrig til vurderingene i saksutredningen.

Handsaming:

Odd Erik Holden fremma vedtak frå Øystre Slidre kommunestyre som tillegg til foreslåtte vedtak:

Det er viktig at fylkeskommunen bidreg til ein positiv utvikling i dei delane av Innlandet som har ei svak eller negativ folketalsutvikling. Valdres er eit av dei områda. Det er også viktig at fylkeskommunen bidreg til å styrke næringar og område som har potensial for vidare utvikling. Regionstyret vil m.a. trekke fram arbeidet for å styrke fjellandbruket, gjennom etablering av eit nasjonalt ressurscenter for fjellandbruk og på behovet for å forsterke dei utfordringane klimaendringane skaper, og dei mogelegheitene Innlandet gjennom grøn omstilling har. Det er avgjerande at samhandlinga med kommunane vert utvikla vidare, for å gjere det mogeleg å setje i gang ynskja tiltak og nå dei måla fylkeskommunen set seg.

Haldor Ødegård la fram vedtaket frå Vestre Slidre kommunestyre:

For å nå målet i strategien om levende lokalsamfunn med berekraftige byer, tettstader og bygder, er det viktig å sjå om fleire av dei vedtekne delplanane oppfyller intensjonen. Vi har gjennom mykje av koronaepidemien sett behov for meir kortreiste varer og tenester, samt kor sårbare vi blir i områder med for ein-sided næringsstruktur. Vi ber om at spesielt tettstadutvikling og næringsutvikling/struktur blir sett på med ny lærdom. Det bør leggest opp til mangfaldig moglegheit for næringsutvikling i heile fylket og ikkje for spesialisert knytt til regionane.

Knut Arne Fjelltnun la fram vedtak frå Nord Aurdal kommunestyre:

Nord-Aurdal kommune oppfordrar Innlandet fylkeskommune om å redusere omfanget av regionale planer. Nord-Aurdal kommune meiner samfunnssikkerheit og beredskap prioriterast fyrst. Innlandsstrategien må leggje ein strategi for framtidens regionale arbeidsplassar. Nord-Aurdal kommune meiner innlandsstrategien må vise til konkrete må om å ta heile Innlandet i bruk, og leggje funksjonar og tenester der det fell seg naturleg – ikkje berre i dei befolkningstette områda, men i heile Innlandet. Oppfordring om å være konkret da dette vil bidra til at en større andel av strategien vil bli gjennomført.

Marit Hougsrud refererte Sør-Aurdal kommunestyre sitt vedtak og sa at deira innspel var ivaretatt av dei andre innspela.

Regionstyret sammenfattet de ulike vedtakene og fattet følgende enstemmige vedtak:

Vedtak:

Regionstyret for Valdres støtter de foreslåtte utviklingsmålene i Innlandsstrategien.

Regionstyret ber om at omfanget av regionale planer reduseres og at arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap prioriteres først.

Regionstyret mener Innlandsstrategien må fremme planer som konkret viser hvordan hele Innlandet skal utvikles. Det må legges en plan for hvordan funksjoner og tjenester kan desentraliseres og det i hele Innlandet, også utenom de befolkningstette områdene.

For å nå målet i strategien om levende lokalsamfunn med bærekraftige byer, tettsteder og bygder, er det viktig å vurdere om flere av de vedtatte delplanene oppfyller intensjonen.

Regionstyret mener at det bør legges opp til mangfoldige muligheter for næringsutvikling i hele fylket og ikke for spesialisert knytt til regionene.

Det er viktig at fylkeskommunen bidrar til en positiv utvikling i de delene av Innlandet som har en svak eller negativ folketallsutvikling. Valdres er et av disse områdene. Det er også viktig at fylkeskommunen bidrar til å styrke næringer og områder som har potensial for videre utvikling. Regionstyret vil m.a. trekke fram arbeidet for å styrke fjellandbruket, gjennom etablering av et nasjonalt ressurscenter for fjellandbruk og på behovet for å forsterke de utfordringene klimaendringene skaper, og de mulighetene Innlandet gjennom grønn omstilling har.

Det er avgjørende at samhandlinga med kommunane vert utvikla vidare, for å gjere det mogleg å sette i gang ønska tiltak og nå dei måla fylkeskommunen set seg.

RS 31-/-20 Kommunikasjonsgruppe for E 16, nytt mandat

Framlegg til vedtak:

Regionstyret gjev arbeidsgruppa, Kommunikasjonsgruppe E16 (KG) fyljande

mandat:

1. Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og utøve kommunikasjon rundt dette.
2. Bidra til at E16 blir fullført i tråd med Regionstyret sine vedtak og regionstyrets «Fullføringsplan for E16 gjennom Valdres» og her under
 - a. Legge til rette for arbeid med oppfølging av Nasjonal Transportplan (NTP) 2022 – 2033.
 - b. Arbeide mot Vegdirektoratet sitt handlingsprogram og dei årlege statsbudsjetta slik at våre prosjekt blir prioritert.
 - c. Ved behov legge fram endringsforslag til «Fullføringsplanen for E16», som er det politiske fundament for KG sitt arbeid.

Regionstyret ber «Kommunikasjonsgruppa for E16» følge opp «Fullføringsplan for E16 gjennom Valdres», og legge fram endringsforslag og andre viktige spørsmål for regionstyret

3. Førebu møter mellom Valdres-ordførarane, Statens Vegvesen, Innlandet fylkeskommune, representant(ar) for transportnæringa og øvrig næringsliv i Valdres. Møta skal erstatte tidlegare Vegforum E16 og ha som formål å følge opp og væra pådrivar for planleggingsprosessar og utbygging av E16 gjennom Valdres.
4. Arbeidsgruppa skal rapportere til Regionstyret.

Medlemmer:

5. Regionstyret nemner opp fyljande medlemmer i KG:
Vidar Eltun, leiar, Haldor Ødegård, medlem, Knut Arne Fjelltun, medlem, Guttorm Tysnes (NLF), medlem, Eivind Brenna (Visit Valdres), medlem, Lene Hovi, medlem og kommunikasjonsansvarleg og Jørund Ødegård Lunde /Arne Bang, medlem og sekretariat.
6. Alle ordførarane har møterett i møta i KG. I møta, jf. pkt. 3 Vegforum E16, blir alle ordførarane invitert og er medlemmer.

Vedtak:

Regionstyret gjev arbeidsgruppa, Kommunikasjonsgruppe E16 (KG) fyljande

mandat:

1. Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og utøve kommunikasjon rundt dette.
2. Bidra til at E16 blir fullført i tråd med Regionstyret sine vedtak og regionstyrets «Fullføringsplan for E16 gjennom Valdres» og her under
 - a. Legge til rette for arbeid med oppfølging av Nasjonal Transportplan (NTP) 2022 – 2033.
 - b. Arbeide mot Vegdirektoratet sitt handlingsprogram og dei årlege statsbudsjetta slik at våre prosjekt blir prioritert.
 - c. Ved behov legge fram endringsforslag til «Fullføringsplanen for E16», som er det politiske fundament for KG sitt arbeid.

Regionstyret ber «Kommunikasjonsgruppa for E16» følge opp «Fullføringsplan for E16 gjennom Valdres», og legge fram endringsforslag og andre viktige spørsmål for regionstyret

3. Førebu møter mellom Valdres-ordførarane, Statens Vegvesen, Innlandet fylkeskommune, representant(ar) for transportnæringa og øvrig næringsliv i Valdres. Møta skal erstatte tidlegare Vegforum E16 og ha som formål å følge opp og væra pådrivar for planleggingsprosessar og utbygging av E16 gjennom Valdres.
4. Arbeidsgruppa skal rapportere til Regionstyret.

Medlemmer:

5. Regionstyret nemner opp fyljande medlemmer i KG:

- Vidar Eltun, leiar, Haldor Ødegård, medlem, Knut Arne Fjelltun, medlem, Guttorm Tysnes (NLF), medlem, Eivind Brenna (Visit Valdres), medlem, Lene Hovi, medlem og kommunikasjonsansvarleg og Jørund Ødegård Lunde /Arne Bang, medlem og sekretariat.
6. Alle ordførarane har møterett i møta i KG. I møta, jf. pkt. 3 Vegforum E16, blir alle ordførarane invitert og er medlemmer.ki

- Mot ei stemme (Haldor Ødegård røysta mot vedtaket)-

RS 32-/-20 Handlingsprogram 2021, framdriftsplan

Forslag til vedtak:

Regionstyret vedtek framlagte forslag til prosess for handlingsplan og økonomiplan for VNK 2021.

Vedtak:

Regionstyret vedtek framlagte forslag til prosess for handlingsplan og økonomiplan for VNK 2021.

-Einstemmig vedteke-

RS 33-/-20 Friluftslivets ferdselsårer

Forslag til vedtak:

Regionstyret vedtar å sette i gang framlagt forslag på forprosjektet Friluftslivets ferdselsårer i Valdres

Vedtak:

Regionstyret vedtar å sette i gang framlagt forslag på forprosjektet Friluftslivets ferdselsårer i Valdres

-Einstemmig vedteke-

RS 34-/-20 Eventuelt

- a) Valdresmusea. Linda Mæhlum Robøle tok opp eit ynskje om eit eigarmøte, det var støtta av dei andre. Ho tek kontakt med leiinga og ber om at eit møte blir organisert.
- b) NHO og NLF har fått møte med Hareide den 1. juli på Raufoss. Ein næringslivsrepresentant og ordførarane Fjelltun og Ødegård blir med dagleg leiar i VNK dit.